


Årsmelding 2017
for
Vanylven kyrkjelege fellestråd



Vanylven kyrkjelege fellesråd

er eit felles organ for sokna, og eit kyrkjeleg organ forplikta på føremålsparagrafen ein finn som § 1 og § 28 i kyrkjelova. I kyrkjeleg fellesråd sit det representantar frå sokneråda i tillegg til ein prest og ein representant oppnemnd av kommunen. Kyrkjelova slår fast at det er nokre oppgåver sokna skal samarbeide om gjennom dette felles organet. Kyrkjeleg fellesråd har sin eigen «hovudparagraf» i kyrkjelova (kl §14) som seier kva som er føremålet med rådet, og kva oppgåver det har.

Fellesrådet:

- Sørgjer for rammevilkåra for sokna i kommunen
- Vedtek mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen og forvaltar statlege og kommunale tilskot og styrer planprosessar
- Forvaltar kyrkjer og gravplassar/ kyrkjegardar
- I varetek sokna sine interesser overfor kommunen
- Samarbeidsorgan for sokna

Fellesrådet samansetting

Syvde: Anne-Grete Eikrem (leiar) Marit Synnøve Nordal Vara: 1.Veslemøy Ervik 2.Kari Liv Sandnes

Vanylven: Sølvi Gjerde, Magne Rolandsen Vara: 1.Halvard Olav Larsen 2. Kjell Inge Moen

Rovde: Vigdis Knardal, Jorunn Eline Berge Vara: 1. Hallvard Hånes 2. Severin Rovde

Åram: Astrid Dorte Brandal, Sissel Molvik Vara: 1.Egil Strand 2.Merete Sylte

Kommunal rep. Lena Landsverk Sande Vara: Bjarne Sætrenes

Geistleg Representant: Ivar Austrheim

Administrasjon: Inger Anne Bøstrand Vidnes Frå 01.07.2017 Målfrid Støvreide

Kyrkjeleg adm.utval/ Forhandlingsutval: Anne Grete Eikrem Sølvi Marie Gjerde,

Vara: Magne Rolandsen Astrid Dorte Brandal

Arbeidsutval: Arbeidsutvalet er delt i tre slik at det er dei to frå kvart sokn som vert kontakta på lokale saker dersom det er nødvendig.

Vanylven kyrkjelege fellesråd hadde 7 møte og handsama 30 saker

Personale

Kyrkjeverje Frå 01.07.2017	Inger Anne Bøstrand Vidnes Målfrid Støvreide	100%
Kantor: i alle kyrkjene	Brunhilde Engelhardt	75% (100 % stilling komb. med Kulturskulen)
Sekretær:	Brit Iren Kvamme	50%
Kyrkjelydspedagog:	Brit Iren Kvamme	50% finansiert av statlege trusopplæringsmidlar og sokna
Kyrkjetenar: Vanylven, St. Jetmund og Syvde kyrkje.	Kjellbjørg Haugen	(tilsett etter timeliste) Ca.40%

Kyrkjetenar: Rovde kyrkje.	Olrun Vada	(tilsett etter timeliste.) Ca15%
Kyrkjetenar: Åram kyrkje	?	(etter timeliste) Ca 15%
Reinhaldar: Vanylven, St. Jetmund og Syvde kyrkje	Kjellbjørg Haugen	(tilsett etter timeliste) Ca20%
Reinhaldar: Rovde kyrkje.	Olrun Vada	(tilsett etter timeliste) Ca 5%
Reinhaldar: Åram kyrkje	?	(etter timeliste) Ca. 5%
Statelege tilsette prestar	Åram og Vanylven sokn: Kjell Roger Isene 50% Syvde og Rovde sokn: Ivar Austrheim 100%	
Den praktiske kyrkjegardsdrifta er utført som tenesteyting av Vanylven kommune.		

Drift av kyrkjekontoret.

Kontora kyrkja leiger i Djupvika fungerer framleis godt. Lokala er godt tenelege til den daglege drifta. Enkelte kontortenester har ein gjennom tenesteytingsavtale med kommunen, det gjeld løn/rekneskap, samt post/porto og kopiering.

Kopieringsavtalen med kommunen inneber at kyrkja har leasing-avtale på ei tenleg kopimaskin som kommunen betalar drifta av – tilsvarande som om kopieringa foregår på rådhuset – ei forenkla ordning som fungerer godt. Maskinen vart skifta ut i 2015 og leasing-avtalen fornya.

Vanylven kyrkjelege fellestråd driv ei verksemd som på ulike måtar har alle dei ca.3200 innbyggjarane som målgruppe.

Vi har 5 vakre kyrkjer som har vore i bruk til kyrkjelege handlingar som gudsteneste, dåp, konfirmasjon, vigslar, gravferd og trusopplæringsaktivitetar som kyrkjelyden, biskopen og sokneråda har ynskje om.

Dei er og godt eigna og i bruk til kultur- og musikkarrangement.

St. Jetmund kyrkje er i ei særstilling, ho vert i dag ikkje brukt til gravferd og større arrangement då ho har begrensa kapasitet. Kyrkja er derimot svært attraktiv til barnedåp, vigsel og intimkonsertar. Kyrkja er ei atterreist mellomalderkyrkje av stein. Ho er automatisk freda i medhald av Lov om kulturminner av 9.juni1978nr.50 (kulturminneloven)

På Sunnmøre finns her svært få bygg igjen frå mellomalderen og Vikingtida, to bygg, St. Jetmund og Giske kyrkje. Vi har ein kulturskatt, ei heilt spesiell kyrkje med ei lang historie som turistar og pilegrimar er opptekne av, ei kyrkje vi stolt viser fram med organisert omvising.

Statestikk over kyrkjelege handlingar:

	2017	2016	2015
Gudstenester totalt i sokna andre gudstenester»	128	95	91
Deltakarar ved gudstenestene	5664		
Konsertar/kulturarrangement i eige regi	11		
Deltakarar	552		
Konsertar/kulturarrangement, leige av kyrkjene	12		
Deltakarar	895		

Døypte totalt	40	24	33
Av våre	17		
Konfirmantar	28	37	51
Vigsel	4	6	4
Gravferd	37	40	33

Kyrkjene

Kyrkjebygga skal framstå som ei verdig ramme kring kyrkjelege handlingar og annan aktivitet som kjem inn under kyrkja si verksemd.

Vanylven kyrkjelege fellestråd fikk i 2017 Investeringsbudsjettet på 1,7 mill. til restaurering av kyrkjebygg

Vanylven kyrkje 900 000 Rovde kyrkje 800 000

Otto Stornes/Dør-og Vindusvern AS har vore engasjert til jobben og fått fullmakt til å representere fellestrådet overfor godkjenningssinstansane.

Vanylven kyrkje

- Glas og Tak/tilbygg over hovuddør er no restaurert
- Alle vindauge i kyrkja er reparert.
- Vestveggen i mur (mineralitt) er behandling,
Sør-og nordveggen treng ny mineralittpuss for å stoppe forvitring og tårnet treng maling.

Rovde kyrkje

- Utsifting av råteskada delar
- Måling av heile kyrkja
- Restaurering av dører og vindauge

Her er det gjort eit godt arbeid av dyktige handverkarar. Det som står att er maling av tårnet og skifte av vindauge i underetasjen.

Kyrkja vil då vere ferdig restaurert utvendig, og vert då slik vi ynskjer den skal framstå, velstelt og berre treng løpande ordinært vedlikehald framover.

St. Jetmund kyrkje

Kulturdepartementet gav Vanylven kyrkjelege fellestråd eit tilskott på

1 500 000 kroner

til istandsetjing av Sankt Jetmund kyrkje. Tilskottet er løyva under kap. 342, post 70 og er eit ekstraordinært tilskott som inngår i Regjeringas tiltakspakke i 2017 mot økt arbeidsløyse på Sør- og Vestlandet, jf. Prop. 1 S (2016–2017). Det har vore arbeidd med Drenering av overflatevatn på nordsida av kyrkja, arbeidet tok til i nov. saman med restaurering av kyrkja innvendig.

Syvde kyrkje

- Den gamle hovuddøra er under arbeid og vil verte ferdig og innsett i 2018.
- Det står att å restaurere vindauga i sakristiet

Åram kyrkje

I forholdsvis god stand, løpande vedlikehald.

Gravplassane

skal ha ein praktisk funksjon og bli forvalta på ein forsvarleg og tenleg måte.

Det er eit krav om at det skal være tilgjengelig ledige graver i kommunen, tilsvarende 3 % av befolkninga i den enkelte kommune.

Gravplassane vert drifta av kommunen etter avtale om tenesteyting, der tenestene vert levert istf. kontantløyving – og kostnaden vert ført som kalkulatorisk utgift – og inntekt, for 2017 kr 700 000. Drifta av gravplassane er krevjande, med 6 gravplassar er det tungvint og mykje ekstra arbeid med flytting av utstyr og personell i hektiske periodar.

Gravfelta og grunnforholda er svært varierende og det krev god kunnskap og nøyaktigheit for å gjennomføre oppgåvene på ein verdig måte.

Kapasitet

Det er Åram, Syvde og Rovde som har forholdsvis mest ledige graver. Uavhengig av beslutning på Åheim trengs det utviding også på Slagnes. Det er viktig å sikre areal til framtidig gravplass for søre delen av kommunen.

Urnelund

Det er behov for ein eigen urnelund i kommunen då stadig fleire vil kremmerast -

Vi opplever at enkelte er bekymra for kven som skal stelle graven når dei ikkje har familie eller nære slektningar på staden. Samtidig kjem det fleire og fleire av våre nye landsmenn. Gravplassforvaltninga er og pliktig å tilby grav tilrettelagt for å imøtekomme ulike tros- og livssynsamfunns behov.

Totalt 36 personar er gravlagde på kyrkjegardane i Vanylven i 2017.

ØKONOMI

Drift

Driftstilskotet frå kommunen utgjorde for 2017 kontantløyving på kr 2 727 000 og verdi av tenesteyting kr 20 000 for *kyrkje/adm* og verdi av kommunal tenesteyting drift gravplassar

kr 700 000, til saman kr 3 447 000

Stateleg tilskot trusopplæring for 2017: kr. 304.000,-

Driftsrekneskapet for 2017 er gjort opp med eit samla meirforbruk på kr 133.413,40

Investering:

Tildelte middlar for 2017

Vanylven kyrkjelege fellestråd fikk i 2017 Investeringsbudsjettet på 1,7 mill. til restaurering av kyrkjebygg

Vanylven kyrkje 900 000 Rovde kyrkje 800 000

- Underskot på kr 133 413,40 på driftsrekneskapen og kr 49 476 av underskot på investeringsrekneskapen vert å dekke av tidlegare års overskot.
- Resten av tidlegare års overskot vert avsett til disposisjonsfond

Konkrete oppgåver i 2018

Investeringar:

- Orgel i St. Jetmund kyrkje
- Brannalarm og nødlys i dei 4 kyrkjene
- Restaurering av St. Jetmund kyrkje, samt drenering rundt kyrkja.

Sakristia i alle kyrkjene er på ingen måte tilfredstillande, likeeins er det svært ynskjeleg å få restaurert toalettavdelingane både i Rovde, Syvde og Åram.

Oppgåvene er mange og utfordrande, der vi er heilt avhengig av tilskot frå det offentlege. Vi dokumenterer behovet for kommunale midlar til våre kyrkjer/kyrkjegardar, og forventar at kommunen tek det økonomiske ansvaret dei gjennom lovverket har for, kyrkjebygga og dei kyrkjelege anlegga.

Vi håper og, at kommunerepresentantane ser og reflekterer over kulturverdien som ligg i vakre, kyrkjer og kyrkjelege anlegg og verdien det har for storsamfunnet, frå vogge til grav.

Til slutt....

Vanylven kyrkjeleg felleusråd er opptekne av å sikre gode rammevilkår for kyrkja si verksemd i kommunen. Felleusrådet vil hjelpe til og legge til rette for (ref. Kyrkjelova §14) at sokneråda kan nå dei mål som er sett for arbeidet deira (ref. Kyrkjelova §9). Dette ynskjer ein å oppnå ved å tileigne seg kompetanse og skape "aktivt engasjement og fornying" (Kyrkjelova §1) i kyrkja.

Felleusrådet ynskjer å styrkje og vidareutvikle kyrkja i Vanylven som ein god arbeidsplass, prega av tryggleik, trivsel, involvering, god motivasjon og samhold.

Med flinke folk i stab, råd og utval og ikkje minst frivillige, kan vi med godt samarbeid få til mykje.

Vanylven 04.06.2018

Målfrid Støvreide

Kyrkjeverje

Anne Grete Eikrem

leiar